

**Notat**Dato: 21.03.2017  
Arkivsak: 2016/2011-48  
Saksbehandlar: ireolse

---

**Til:** Fylkeskasseraren v/Vidar Kloster

---

**Frå:** Eigedomsavdelinga

---

**Rekneskapsavslutting prosjekt nr. 07518 - Stend vgs - rehabilitering****Rekneskap: 573 149,82****Budsjett: 650 000,-****Fuv 272/07 – løyving kr 150 000,-**

Utdrag frå saka:

«Ved Stend vgs. er arbeidet knytt til taket på meieribygget fullført. Det gjenstår likevel svært mykje arbeid før heile den prioriterte bygningsmassen er rehabilitert/tilbakeført som planlagt. Blant dei tiltaka som er under vurdering er rehabilitering av søyler, rehabilitering/tilbakeføring av veggmaleri og utskrifting av kledning m.m. Det er ikkje midlar til alt innom årets budsjett, og endeleg prioritering er ikkje klar. Det vert likevel foreslått løyvd 0,15 mill. kroner til vidare arbeid ved Stend vgs., og at kulturavdelinga i samråd med skulen/eigedomsseksjonen får fullmakt til å avgjera rekkefølge/prioritering. «

**Fuv 237/09 – løyving kr 300 000,-**

Utdrag frå saka:

«Vidare rår ein til at det vert løyvd 0,3 million kroner til pågåande prosjekt ved Stend hovedgård. Dette gjeld vognskulet på Stend Hovedgård som treng utbedring av taket. Kostnadene her er rekna til ca. 0,2, million kroner. Vidare ferdigstilling av søylene ved inngangen på jenteinternatet. Kostnaden her er rekna til ca. 0,1 million kroner.»

**Fuv 172/12 – løyving kr 200 000,-**

Utdrag frå saka:

«Hovedhuset på Stend vert måla utvendig i løpet av sumarhalvåret 2012. Vi har rammeavtale med malerfirmaet K. Nilsen, og oppdraget vert utført innanfor avtalen. Firmaet har kjennskap til kva slags materiale ein må nytta til freda bygg. Det kan vera aktuelt å utføra noko tømmerarbeid i samband med maling av huset.

**Kommentar:**

Oppstart av prosjektet ligg noko tilbake i tid og har gått over fleire år med siste faktura i 2015. Arbeidet både i forhold til tømmerarbeid og måling vart mindre omfattande enn tatt høgde for, sjølv om det alltid er noko meir arbeid som kunne vore utført som del av prosjektet. Løyvinga ligg uansett så langt tilbake i tid at ein rår til at prosjektet vert avslutta med eit mindreforbruk på kr 76 850,18.

Bjarte Molvik  
Seniorrådgjevar

Irene Olsen

Vedlegg: Status og R1 rapport